

**FRITIDSBUSTADER** -forslag til grovsiling av innspel om nye tomter til fritidsbustader. Kommuneplanens arealdel 2021-33

**Arealstrategiar fra samfunnssdelen som er relevant for fritidsbustader**

6. Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfold skal sikrast.
7. Viktige frilufts- og naturområde og tilkomst frå bustadområde skal sikrast
8. Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløyse aktivitet for turistnærings og bustadutvikling vert ivaretatt. Bruken av vassdraget skal ikkje forringe verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.
10. Bygging av fritidsbustader skal skje ved fortetting i tilknyting til eksisterande område for fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar

NB Innspel merka med x i kolonna lengs til venstre ligg innanfor kommunedelplan for Lifjell. Jf formannskapsak 66/20 blir ikkje kommunedelplan for Lifjell innlemma i ny arealdel og innspel om utbyggingsområde på Lifjell blir ikkje vurdert i denne planprosessen.

Nr	Generell info	Kart med innspelet vist over dagens situasjon Sjå også <a href="#">kommunekart.no</a>	Forslag og planstatus	Kart med innspelet vist over gjeldande kommuneplan Sjå også <a href="#">kommunekart.no</a>	Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
15x	<b>HÅRALDSKÅR</b>  FORSLAGSSTILLAR: Hytteutviklere på Lifjell  GRUNNEIGARAR: Bjarkø, Trygve		G/BNR: 10/10, 18/218 AREAL: 300 daa TAL FRITIDSBUSTADER: Ukjent  GRUNNGJEVING: Ønskjer å legge til rette for nytt hyttefelt inn rett sør for alpinanlegget på Torilstul		Området ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde og er i tråd med strategi 10. Rett vest for området er det nyleg regulert eit stort felt som ikkje er starta opp, og ein ser ikkje behov eller gjennomføringsrealisme for eit nytt stort felt her i planperioden.	<b>GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2</b>
16x	<b>JÖNNBUFLÅTIN</b>  FORSLAGSSTILLAR: Familien Fosheim  GRUNNEIGAR: Fosheim, O,L, A, T Soterud, Sveinung		G/BNR: 9/2, 9/467 AREAL: 40 daa TAL FRITIDSBUSTADER: Ukjent  GRUNNGJEVING: Hytteområdet låg inne i førre KDP  PLANSTATUS: LNF, hensynssone for snøskredfare, hensynssone infrastruktur		Området ligg i tilknytning til eks. hytteområde og er i tråd med strategi 10. Delar ligg innanfor aktsemomsområde for snøskred. Området låg inne i førre KDP, men ble tatt ut av planen ved rulleringa i 2014. Dette gjaldt alle uregulerte hytteområde på Lifjell der grunneigarane ikkje ville forplikte seg til å bidra økonomisk til utbygging av alpintilbodet på Lifjell. Selskapet dei øvrige grunneigarane stifta for å finansiere heisutbygging er no oppløyst. Områda som ble tatt ut bør bli med vidare i prosessen og vurderast tatt inn igjen. Sidan områda låg inne i førre plan, vert områda ikkje vurdert som KU-pliktige.	Ikkje KU-pliktig?
17x	<b>KNARLIANE, LIFJELL</b>  FORSLAGSSTILLAR: Familien Farnes  GRUNNEIGAR: Farnes, Aslaug		G/BNR: 9/38 AREAL: TAL FRITIDSBUSTADER: Ukjent  GRUNNGJEVING: Hytteområdet låg inne i førre KDP  PLANSTATUS: LNF		Området ligg i tilknytning til eks. hytteområde og er i tråd med strategi 10. Området låg inne i førre KDP, men ble tatt ut av planen ved rulleringa i 2014. Dette gjaldt alle uregulerte hytteområde på Lifjell der grunneigarane ikkje ville forplikte seg til å bidra økonomisk til utbygging av alpintilbodet på Lifjell. Selskapet dei øvrige grunneigarane stifta for å finansiere heisutbygging er no oppløyst. Områda som ble tatt ut bør bli med vidare i prosessen og vurderast tatt inn igjen. Sidan områda låg inne i førre plan, vert områda ikkje vurdert som KU-pliktige.	Ikkje KU-pliktig?

Nr	Generell info	Kart med innspelet vist over dagens situasjon Sjå også <a href="#">kommunekart.no</a>	Forslag og planstatus	Kart med innspelet vist over gjeldande kommuneplan Sjå også <a href="#">kommunekart.no</a>	Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
18x	<b>SOLSKINNSDALEN, LIFJELL</b>  FORSLAGSSTILLAR: Familien Farnes  GRUNNEIGAR: Farnes, Aslaug		G/BNR: 9/38 AREAL: 15 daa TAL FRITIDSBUSTADER: Ukjent  GRUNNGJEVING: Området låg inne i førre KDP PLANSTATUS: LNF		Området ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde og er i tråd med strategi 10. Området låg inne i førre KDP, men ble tatt ut av planen ved rulleringa i 2014. Dette gjaldt alle uregulerte hytteområde på Lifjell der grunneigarane ikkje ville forplikte seg til å bidra økonomisk til utbygging av alpintilbodet på Lifjell. Selskapet dei øvrige grunneigarane stifta for å finansiere heisutbygging er no oppløyst. Områda som ble tatt ut bør bli med vidare i prosessen og vurderast tatt inn igjen. Sidan områda låg inne i førre plan, vert dei ikkje vurdert som KU-pliktige.	Ikkje KU-pliktig?
19x	<b>JØNNBU</b>  FORSLAGSSTILLAR: Familien Farnes  GRUNNEIGAR: Farnes, Aslaug		G/BNR: 9/38 AREAL: 6 daa TAL FRITIDSBUSTADER: Ukjent  GRUNNGJEVING: Endre fra LNF til fritidsbustad for å utnytte eit sentrumsnært areal.  PLANSTATUS: LNF, men regulert til parkering i eldre reg.plan.		Området ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde og er i tråd med strategi 10. Ingen kjente konflikter med overordna arealstrategiar.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
20x	<b>JØNNBU</b>  FORSLAGSSTILLARAR: Familien Fossheim Gullord Geoservice  GRUNNEIGARAR: Fossheim, Tine Folkestad, Hege M		G/BNR: 9/429, 9/486 AREAL: TAL FRITIDSBUSTADER: Ukjent  GRUNNGJEVING: Ønskjer å kunne bygge ut private fritidsbustader, ikkje varme senger PLANSTATUS: Sentrumsformål		I kva grad det er behov for et så stort sentrumsområde (varme senger, kommersiell verksemd) som det som er sett av i gjeldande KDP er avhengig av om alpintilbodet og den kommersielle verksemda på Lifjell skal vidareutviklast. Øvre del av område består av myr, ein naturtype ein bør unngå nedbygging av, skiløype er regulert gjennom gjeldande reguleringsplan for området og må ivaretakast vidare.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
21x	<b>GROSTUL</b>  FORSLAGSSTILLAR: Fellesinnspel frå hytteutviklarar på Lifjell GRUNNEIGAR: Østerli Sameige		G/BNR: 18/117 AREAL: TAL FRITIDSBUSTADER: 24 GRUNNGJEVING: Ønskjer å utvide eks. hytteområde PLANSTATUS: LNF, idrettsanlegg (akebakke), turdrag, hensynsone for viktig friluftsområde		Hovudløypa gjennom Solskinndalen og mot Anebuflåtin og Krinto går gjennom området. I innspelet er det lagt opp til at traséen som er sett av til turdrag (løypetråsé med buffer) snevrast inn og leggast i svinger gjennom feltet. Styrking av langrennstilbodet blir trekt fram som vesentleg for å utvikle Lifjell som destinasjon, og det vil vere svært uheldig om hovudløypa skal gå gjennom hyttefelt og med kryssing av veg. Innspelet er i konflikt med strategi 7 om å sikre viktige friluftsområde. Ligg i tilknyting til eks. hyttefelt, men kan likevel vere i konflikt med strategi 10 om å bygge ut fritidsbustader slik at dei styrkar eksisterande destinasjonar fordi den reduserer attraktiviteten til ei av dei mest sentrale skiløypene nedanfor høgfjellet.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2

Nr	Generell info	Kart med innspelet vist over dagens situasjon Sjå også <a href="#">kommunekart.no</a>	Forslag og planstatus	Kart med innspelet vist over gjeldende kommuneplan Sjå også <a href="#">kommunekart.no</a>	Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
22	<b>SLÅTTEDALEN</b>  FORSLAGSSTILLAR: Fuentes-Gauslaa, Ø GRUNNEIGARAR: Gauslaa, F, J og S, Fuentes-Gauslaa, Ø og Guttormsen, A		G/BNR: 16/8 AREAL: 50 daa TAL FRITIDSBUSTADER: Ukjent  GRUNNGJEVING: Ønskjer å legge til rette for fleire hyttetomter i og i tilknyting til eks. eldre hytteområde. PLANSTATUS: LNF		Området ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde og er i tråd med strategi 10. Vestre del av området er myr og bør unngå nedbygging.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
23-25	<b>LIFJELLVEGEN</b>  FORSLAGSSTILLAR: Kjell Aage Verpe GRUNNEIGAR:		G/BNR: 18/37 AREAL: 3 daa TAL FRITIDSBUSTADER: 3  GRUNNGJEVING: Ønskjer å kunne dele fra tre fritidsbustader  PLANSTATUS: LNF B (spreidd bustadbygging)		Innspelet inneber spreidd utbygging av fritidsbustader, medan arealstrategi 10 gjev føringar for at fritidsbustader skal etablerast i tilknytning til eksisterande hytteområde. Avkjøyringar til enkelttomter langs fv 3332, som er bratt og svingete på dette partiet, vil vere uheldig.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2
26	<b>ÅRMOTDALEN</b>  FORSLAGSSTILLAR: Brukås, Jon Einar  GRUNNEIGARAR: Brukås, Jon Einar Hegna, Håkon		G/BNR: 17/15 AREAL: TAL FRITIDSBUSTADER: 1 GRUNNGJEVING: Ønskjer å sette opp ny fritidsbustad på gammalt tun der hovudbygningen nyttast som fritidsbustad frå før. PLANSTATUS: LNF		Området ligg ikkje i tilknytning til eksisterande hytteområde og er i konflikt med strategi 10. Innspelet er grunngjeve med at bruket er overtatt av to eigarar, som båe driv med sau og har planar om å få sau inn i området og slik få kulturlandskapet tilbake, og tomta skal ikkje delast frå. Bruket hadde tidlegare tre bygg, men berre eit står att. Dette er ein landbrukseigedom, og ein ny fritidsbustad skal ikkje delast frå. Det vert difor ikkje tilrådd å legge ut arealet til fritidsbustad, men at saka vert behandla som ein dispensasjonssak, der særlege grunnar for å sette opp ein fritidsbustad blir lagt fram.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2
27	<b>ØSTERLI</b>  FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Schartum, Eivind		G/BNR: 18/39 AREAL: 0,4 daa TAL FRITIDSBUSTADER: Ingen  GRUNNGJEVING: Etter ei grensejustering har delar av eksisterande fritidsbustad LNF-formål og eigar ønskjer fritidsbustadformål på heile.		Ikkje i konflikt med overordna arealstrategiar. Innspelet bør takast med vidare, men endring av formål for denne smale stripa som høyrer til eksisterande fritidsbustad vert ikkje vurdert som KU-pliktig.	Ikkje KU-pliktig